



TRACKSA
6996 VADHEIM
Tlf. 97731334

Statsråd Dag Terje Andersen
Nærings- og Handelsdepartementet
Pb. 8014 Dep

0030 Oslo

Førde 28.01.07

STORTINGSMELDING OM INNOVASJON

Vi viser til NHD sin invitasjon til innspel vedr departementets arbeid med stortingsmeldinga om innovasjon. Tracksa A/S orsaker at denne merknaden kjem etter at fristen er utløypt, men vi synest denne meldinga er så viktig for alle dei i Norge med nyskapande idear, og innovative nye produkt, at vi tillet oss å komme med nokre synspunkt i frå Grundarane og ide havar sin ståstad.

Tracksa A/S er eit selskap som dei siste åra har arbeidd med å utvikle nyskapande produkt med stort eksportpotensiale, og eg trur vi er ganske representative for mange tusen andre grundere som sit med gode idear, men som slit med eit virkemiddelapparat som er svært tungrodd, og som favoriserer forskingsmiljø, store etablerte bedrifter og aktørar med god tilgang på eksisterande kapital.

Nyskaping og grunderverksemd er eit svært stort felt, så vi velgjer i dette innspelet å fokusere på den delen som spesifikt går på vilkåra for produktutviklarar.

Skal Norge også i framtida ha den økonomiske veksten som vi har hatt dei siste 30 åra, må her no satsast på nye teknologi, nye innovative produkt og stimulerast til forskning og utvikling også utanfor dei etablerte forskingsmiljøa.

I dag tilføre staten store forskingsmidlar til høgskulemiljøet, forskingsrådet og ei rekke andre store forskingsmiljø, men gløymer den delen der den største forskinga kanskje føregår. Dette er den forskinga og produktutviklinga som forgår i SMB miljø, blant produktutviklarar, grundere og i lokalsamfunna rundt om i Norge.

Norge har i dag 1000 vis av "forskarar" i dette miljøet som med litt draghjelp kanskje kunne ha tilført Norge store resursar, arbeidsplassar og ny teknologi.

Den delen av forskingsmiljøet som i dag får tilført dei største midlane er i stor grad lukka for andre enn dei som er knytte til dette miljøet, og i beste fall må tenestene der kjøpast på

normalt kommersielt vis. Det same gjeld dei store statlige overføringane til forskingsrådet, EU sine rammeprogram, og andre store forskingsprogram som staten deltar i. Desse programma er for store, for spesialiserte og er for ein stor del foreholdt dei samme forskingsmiljøa som alt mottar store overføringar.

Tracksa A/S meiner ikkje at Norge skal satse mindre på avansert forskning, heller tvert imot. Vi meiner at her skulle vært tilført enda meir midlar, vi treng all den forskinga vi har her i landet, helst skulle vi ha forska enda meir.

Problemet er at når rammene til den avanserte forskinga er tildelt, blir det berre smuler igjen til alle dei rundt om i landet som ikkje får muligheiter til å ta del i dette. Dette gjeld i høgste grad ein stor del av den gruppa underteikna representerer.

Tracksa A/S er glad for at Innovasjon Norge eksisterer, men svært missfornøgd med dei økonomiske rammene som innovasjon Norge må arbeide under. IN er i realiteten det einaste virkemiddelapparatet som er tilgjengelig for alle dei som ikkje er tilknytte det etablerte forskingsmiljøet, men midlane og mulighetane er minimale.

Produktutvikling kostar pengar, og grundarane må ut i marknaden å kjøpe utviklingstenestene og forskningstenestene dette er dyrt, og mange grundere knekker ryggen i denne fasen.... Midlande IN har tilgjengelig for denne gruppa dekkar ikkje eingong kostnadane med design, og det er jo eit uttalt mål frå regjeringa at det er svært viktig å satse på dette.

Eit anna faktum er at dei generelle rammene til denne type forskning og utvikling gjer at grundarane må drive dette på si fritid, her er nesten ingen grunder i dag som har råd til å ta permisjon frå anna arbeid for å drive med denne type utviklingsarbeid.

Mange av grundarane som arbeider med nyskaping og produktutvikling, må arbeide under svært kummerlige forhold, og er prisgitt å få låne produksjonsverktøy, maskiner og utstyr hos velvillige bedrifter, skuler o.l for å få bygd fungerande prototyper, forskinga forgår i garasjen.

Næringsministerens Partikollega Karin Yrvin etterlyser eit svar på kvifor så mange vekstbedrifter, og Grundere gir opp etter 2 år, svaret er svært enkelt....grundarane er da i den fasen at det virkelig begynner å koste pengar, og det er nå alle tiltaksmidlar og lommebøker er stengt.

Grundarane er veldig ofte da komme til eit punkt der alle testar er gjennomført og prototyper er ferdig utvikla. Det nye spennande produktet skal no produserast, marknadsførast, og seljast.

Dette er ei svært kritisk tid for alle som driv med utvikling, bankane finansierer ikkje denne type tidelig bedrifter utan 100% garanti. Innovasjon Norge har svært avgrensa lånemidlar tilgjengelig, og tilskotsordninga avgrensar seg i beste fall til ein liten del av det totale investeringsbehovet.

Dei statlege såkornfonda som var meint å skulle hjelpe denne gruppa fram, er også svært kritiske i denne fasen, dei har svært lang behandlingstid, og forlangar ein relativt stor del av selskapet til ein liten pris.

Det beste Grundarane då kan håpe på er eksterne investorar, og det er her spørsmål nr. 2 blir besvart, kvifor blir så mange prosjekt seld? I stor grad pga. mangel på kapital.

Det er ikkje noko problem å få hjelp i oppstartfasen, her "renner over" av statlige, halvstatlige og private aktørar som står i kø for å hjelpe grundere ut av sofaen, og ned i kjellaren for å drive produktutvikling. Når papirarbeidet endelig er ferdig, og produktet klar for utvikling, er nesten all hjelp borte, og du sit igjen aleine med masse gjeld, eit godt produkt og rimelig usikker på kvar vegen går vidare.

Vi har forsøkt i denne uttalen å sette fokus på nokon av dei problema ein gjennomsnitts Grunder i dag lever med, vi har også hatt god tid til å tenke gjennom tiltak som i alle fall hadde gjort Tracksa A/S sin vei mykje lettare. Her er nokon av dei tankane vi har gjort oss, og som vi er sikre på ville gjort livet for alle grundere monaleg lettare.

Produktutvikling:

- **Opprett regionale innovasjonssenter (Oppfinnar fabrikk) der grundere gratis får tilgang på fagkompetanse, maskiner, utstyr, lab. designarar, vegledar o.l. Ein plass der det er mulig å drive prototypebygging og utvikling utan at millionane ruller. Dette vil gi grundarane ein langt betre mulighet til å bruke meir av tida si på utviklingsfasen, samt at ein får den tilgangen på rettleiing og utstyr som ein har trong for**
- Opne for at ein større del av etablerer stipendet kan brukast til å dekke faktiske levekostnader.
- Opne opp universiteta/forskingsmiljøa og del kompetansen deira med fleire enn det lukka miljøet som eksisterer i dag.
- Gjer den kommersielle delen av forskingsmiljøet tilgjengelig for fleire, til ein billig penge.

Finansiering:

- Auk øvre grense for etablerer stipenda monaleg
- Gjer IN mindre byråkratisk og meir dynamisk....
- Senk avkastingskrava og exit krava i såkornfonda, reduser behandlingstida.
- Auk rammene for risikolån i IN, staten må ikkje være så redde for risiko
- Opne opp for tilskot til fysiske investeringar
- Gi investorar som investerer i tidligfase prosjekt skattelette

Generelt:

- Få auga opp for alle dei grundarane som finnast i Norge, ikkje legg all fokus og alle pengar i dei store miljøa
- Gi grundere i Norge høgare status
- Legg til rette for ei offensiv satsing på denne viktige resurs gruppa

Eg håper når staten no skal legge fram ein heilt ny innovasjons plan, at også Grundarane no blir hørt, og ikkje berre virkemiddelapparatet. VG Helg har ein svært god reportasje laurdag 27/1-07 som beskriver litt av dei problema grundere i dag står ovanfor.

Vennlig helsing
Tracksa A/S

Frode Steen
Daglig Leiar
Tlf. 97731334